



Ostereidet Kro AS
Oddvar Magne Hopsdal
Eidavegen 532
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 16/10556

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2016

Vedkomande fettutskiljar ved Ostereidet Kro - gbnr 234/68 , Eidavegen 532

Teknisk drift synet til motteke årsrapport frå tømmeoperatør vedkomande Dykkar utskiljaranlegg ved Ostereidet Kro. Teknisk drift har registrert at temperaturlogging av anlegg er utført etter at anlegg er tømt, reingjort og etterfylt med kaldt vatn. Dette medfører at temperaturloggene som er utført ikkje gir eit korrekt bilete av korleis anlegget fungerer. Logging av temperatur skal utførast rett før tømning av anlegg og seinast 3 vyrkedagar før anlegg vert tømt.

Temperaturloggene som er innsendt til kommunen kan diverre ikkje godkjennast som dokumentasjon på at anlegg fungerer etter intensjonen. Vi ser at anlegget, til tross for at dette er tømt, reingjort og etterfylt med kaldt vatn, så har anlegg ei snitt temperatur på rundt 25°C. Ved denne temperaturen vil fett begynne å løysast opp og anlegg fungerer dårleg. Når temperatur i anlegg når opp mot 30°C, vil alt fett være løyst opp og anlegg har ingen funksjon.

Historikk:

Ostereidet Kro har installert eit anlegg med størresle NS 2. Dette er halvparten så stort som minste tillatne størrelse på anlegg i Lindås kommunen (*jf.* lokal forskrift av 02.02.2006). Anlegget er også halvparten så stort som det utførande rørleggar søkte om 30.06.2006. Den 10.08.2006 vart det frå kommunen gitt løyve til å installere fettutskiljar med størrelse NS 4 iht søknad. Ved installering av anlegg vart dette bytta ut med eit mindre anlegg som ikkje er godkjent i kommunen. I tillegg vart anlegget plassert inne i bygg slik at dette ikkje får korrekt avkjøling. Plasseringa er også i strid med den plassering som er vist i søknad og som er godkjent i løyvet. Anlegget skulle ha vore plassert utvendig og under bakkenivå.

Teknisk drift har, i ei periode, gitt Ostereidet Kro høve til å dokumentere at installert anlegg fungerer etter intensjonen, slik at krav til utslippsvatn vert overhalde. Ut i frå innsendt årsrapport og det kommunen registrerer av fett på leidningsnett nedstrøms anlegg, ser vi at dette ikkje er tilfellet. Anlegget fungerer dårleg.

Krav om istallering av nytt anlegg ved Ostereidet Kro:

I samband med årsrapportering, registrert fett på leidningsnett, samt aukt kapasitet ved kroa krev Teknisk drift at det vert sett i gong tiltak med installering av nytt anlegg ved kroa. Anlegg skal stå i forhold til produksjon, krav til utsleppsvatn og krav til anlegg etter gjeldande forskrift i Lindås kommune. Vi ber Dykk



om å ta kontakt med røyrleggar for å få sendt inn nytt registrerings skjema for fettutskiljar. Med registrerings skjema skal røyrleggar legge ved nytt berekningsgrunnlag for val av størrelse på utskiljaranlegg. Vi gjer merksam på at anlegg som vert godkjent av kommunen har nominell størrelse frå NS 4 og oppover.

Teknisk drift anbefaler at nytt anlegg vert installert utanfor bygg og under bakkenivå. Dersom nytt anlegg skal installerast innvendig, må ein ta høgde for dårleg avkjøling i rom når ein vel størrelse på anlegg. Ved innvendig plassering må ein difor kompensere for dårleg avkjøling av anlegg ved å gå opp i størrelse. Dette for å sikre at avlaupsvatn får nok opphaldstid i kammeret (vert avkjølt) slik at fett kan skiljast ut i anlegg og ikkje vert ført ut på leidningsnett.

Fett i leidningsnett kan føre til at leidningsnett vert tetta igjen slik at ein får risiko for tilbakeslag av kloakk/fetthaldig avlaupsvatn gjennom slukar i golv og i toalett. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje har ansvar for slike tilbakeslag. Kostnadar i samband med slike hendingar fell på huseigar.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift nå krev installering av større fettutskiljar ved Ostereidet Kro Eidavegen 532. Fettutskiljaranlegg som er tilnytt spillvassleidning skal sørge for at vegetabil og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og medfører skade på dette og reinseanlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar vatn og avlaup
Einingsleiar Teknisk drift

Mottakarar:

Ostereidet Kro AS

Eidavegen 532

5993

OSTEREIDET